



Tokke kommune
Plan, næring og teknisk etat

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

MELDING OM VEDTAK

Dykkar ref: «REF» Vår ref: 2021/1443-15 Saksbeh: Per Wraa, Arkivkode: K01 Dato: 22.11.2021

Svar på tildeling av transportløyve med snøskuter for perioden 2021-2025

Her følgjer særutskrift av utval for landbruk, miljø og teknisk si sak nr.21/38.

Ein ber dei som har fått løyve spesielt legge merke til fylgjande ordlyd i saka:
Innehavar av transportløyve er pliktig til å rapportere årleg om oppdrag dei har hatt gjennom vinteren. Dette har ikkje fungert dei seiste åra. I utlysing for neste periode står det «Køyrebok må sendast kommunen etter kvar sesong, seinast 1. juni. Dersom ein ikkje har hatt køyring 2 år på rad, vert løyve trekt inn og lyst ut til andre.» Dersom køyrebok ikkje leverast innan 1. juni reknast dette som at vedkommande ikkje har hatt køyring. Skjer dette 2 gonger på rad blir løyvet trekt inn.

*Vedtaket kan påklagast til **Tokke kommune**. Klagefristen er 3 veker frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkeleg at klaga er postlagt innan fristen sitt utløp.*

Klaga skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket, oppgje vedtaket det vert klaga over, den eller dei endringar du ønskjer, og dei grunnar du vil anføre for klaga. Dersom du klager så seint at det kan være uklart for oss om du har klaga i rett tid, må du også oppgje når denne meldinga kom fram.

Med helsing

Per Wraa
Skog og utmarksrådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.

Postadresse: Storvegen 60	Telefon: 35 07 52 00	Bankgiro: 2685 07 02968
3880 DALEN	Telefaks: 35 07 71 33	Org.nr: 964 964 521
E-post: postmottak@tokke.kommune.no	Heimeside: www.tokke.kommune.no	



Tokke kommune

Arkiv: K01
 Saksnr.: 2021/1443-13
 Saksbeh.: Per Wraa
 Direkte tlf.:
 Dato: 15.10.2021

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Landbruk, miljø og teknisk utval	21/38	11.11.2021

Tildeling av transportløyve med snøskuter for perioden 2021-2025

Vedlegg:

- 1 Skafså løype og maskin as- Søknad om transportløyve 2021 -2025
- 2 Håvard Frantzen - Søknad om transportløyve 2021 - 2025
- 3 Åge Tarjei Kjestveit - Søknad om transportløyve 2021-2025
- 4 Tor Olav Rykkelid - søknad om transportløyve 2021 - 2025
- 5 Nils Åge sollid - søknad om transportløyve 2021 - 2025
- 6 Tor Ola Solli - søknad om transportløyve 2021 - 2025
- 7 Hans Christian Øvrebø - søknad om transportløyve 2021 - 2025
- 8 Grunde Seltveit - Søknad om transportløyve 2021 - 2025
- 9 Gunnar Reindal Øverland - Søknad om transportløyve 2021 - 2025
- 10 Tor Ola Solli - søknad om transportløyve 2021 - 2025
- 11 resultatset_3400_451_vedlegg1
- 12 Utlysning av transportløyve for snøskuter i Tokke 2021-2025

Saksdokument:

[Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag - Lovdata](#)
[Redaksjonell omtale \(regjeringen.no\)](#)

Rundskriv T-1/96

Saksutgreiing:

27.05.2021 vedtok utval for landbruk, miljø og teknisk å lyse ut 8 stk løyve etter forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag § 5 bokstav a, såkalla transportløyve med snøskuterløyve.

Fristen for å søkje var 15. september. Det kom inn 9 søknadar. Desse er:

Gunnar Øverland Reindal: Har mange faste kundar i området Froland og Botndalen.

Tokke røde kors: Spesielt i påska blir Tokke røde kors nytta til transportoppdrag då dei er stasjonera på Skafsåheia i denne perioden.

Hans Christian Øvrebø: Har ikkje grunngjeve søknaden. Har taxiløyve i Tokke.

Telemark tekniske AS: Einaste av søkerane som ikkje har hatt slikt løyve tidlegare. Grunngjev søknaden med at dei allereie har oppdrag der ein er avhengig av å ha transportløyve på snøskuter. Firmaet driv med vedlikehald og service av bygningar, industri og teknisk utstyr.

Nils Åge Sollid: Har ein del faste kundar frå tidlegare. Transporterar ved.

Tor Olav Rykkelid: Har oppdrag med køyring av material, ved og bagasje med snøskuter i Botndalen.

Åge Tarjei Kjestveit: Faste kundar på Skafsåheia

Frantzen hyttetransport Skafsåheia: Faste kundar på Skafsåheia.

Skafså løype og maskin AS: Har faste kundar på Skafsåheia

Vurdering:

Etter vedtaket i LMT 27.05.2021 skal det velgast ut 8 av desse 9 som skal få løyve for neste periode. Det er god dekning av personar som har transportløyve i området på Skafsåheia. Det syns også vere her behovet er størst.

Rundskriv T-1/96 seier: «Personer som har hatt slik tillatelse tidligere, og benyttet denne lovlig, bør normalt prioriteres fremfor nye søkere.» Med bakgrunn i rundskrivet vel ein å fornye løyvet til dei søkerane som har hatt løyve tidlegare. Dersom Telemark tekniske AS er avhengig av transport med snøskuter for få utført arbeid på hytter, kan dei som har transportløyve nyttast.

Innehavar av transportløyve er pliktig til å rapportere årleg om oppdrag dei har hatt gjennom vinteren. Dette har ikkje fungert dei seiste åra. I utlysing for neste periode står det «Køyrebok må sendast kommunen etter kvar sesong, seinast 1. juni. Dersom ein ikkje har hatt køyring 2 år på rad, vert løyve trekt inn og lyst ut til andre.» Dersom køyrebok ikkje leverast innan 1. juni reknast dette som at vedkommande ikkje har hatt køyring. Skjer dette 2 gonger på rad blir løyvet trekt inn.

Rådmannen si tilråding:

Med heimel i Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag § 5 bokstav a blir det gjeve transportløyve for perioden 2021-2025 til desse:

Gunnar Reindal Øverland
Tokke røde kors
Hans Christian Øvrebø
Nils Åge Sollid
Tor Olav Rykkelid
Åge Tarjei Kjestveit

Håvard Frantzen
Skafså løype og maskin as

Saksprotokoll i Landbruk, miljø og teknisk utval - 11.11.2021

Kommunedirektørens tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Med heimel i Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag § 5 bokstav a blir det gjeve transportløyve for perioden 2021-2025 til desse:

Gunnar Reindal Øverland
Tokke røde kors
Hans Christian Øvrebø
Nils Åge Sollid
Tor Olav Rykkelid
Åge Tarjei Kjestveit
Håvard Frantzen
Skafså løype og maskin as